



Skogbrannen i Froland 2008

Brenning av hageavfall, pølsebål, St. Hansbål, hogstavfall og sviing/flatebrenning.

Det er forbode å gjera opp eld utomhus dersom dette kan føra til brann. Den som skal gjera opp eld har plikt til å vera aktsam. Brot på aktsemdplikta kan føra til straff- og erstatningsansvar.

I perioden 15. april til 15. september er det eit generelt forbod mot å gjera opp eld i eller i nærleiken av skogmark utan særskild løyve frå brannvesenet. Du kan altså brenna hageavfall, tenna St. Hansbål og grilla pølser i fjæra utan å henta inn løyve, så sant dette ikkje skjer i eller i nærleiken av skogmark og at brenninga elles er forsvarlig. Her må det nemnast at det kunn er kvist, gras og lauv ein kan brenna i hagen, og dette kan ein berre gjera når det ikkje gjev plagar for naboar. Plast og rivningsvirke kan ikkje brennast jamfør forureiningslova. Brannvesenet ber om melding over telefon, sjølv om tiltaket ikkje er søknadspliktig.

Dersom du skal utføra flatebrenning, gras- eller lyngsviing eller brenna hogstavfall i skogmark, er det eit krav at det skal vera ein ansvarleg leiar som må utarbeida ein plan for gjennomføring. Brenninga skal gjennomførast på ein forsvarleg måte. Denne type brenning er aktuell i samband med jord- og skogbruksverksamd. Det generelle forbodet mot ope eld i skogmark i perioden 15. april til 15. september gjeld ikkje slik brenning, men den er alltid søknadspliktig, og det må leggest fram plan for utføring.

Varsel om brenning som ikkje er søknadspliktig gjerast på vakttelefonen: 480 76 000

Søknad med plan om flatebrenning/sviing/brenning av hogstavfall, sendast til kommunen:

e-post: postmottak@hjemland.kommune.no

post: Hjemland kommune v/brannsjefen, 4130Hjemland

For andre spørsmål vedrørende brann kan ein kontakt med brannsjefen i arbeidstid

på tlf: 40 43 91 25